Vaksdal kommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
82/2018	Kommunestyret	PS	10.12.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE - 151	18/676

BUDSJETT 2019 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Vedlegg:
Budsjett AO senter 2019 med møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2019 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.938.368. Kr 1.605.185,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 333.183,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Kommunestyret - Sak 82/2018

KOM - Behandling:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2019 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.938.368. Kr 1.605.185 vert finansiert med ordinært tilskot og kr 333.183 vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Saksopplysningar:

Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF (AO-senteret) handsama budsjett 2019 i møte 29.11.2018.

AO-senteret sitt budsjett vert finansiert med 50% tilskot frå NAV (tilskot til Varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemd) og 50% tilskot frå Vaksdal kommune.

Utover dette er det laga avtale mellom Vaksdal kommune og AO-senteret om gjennomføring av tiltak som vert finansiert 50% av tilskot frå NAV (Varig lønstilskot) og 50% tilskot frå Vaksdal kommune. Vaksdal kommune sin del vert dekka av integreringstilskotet.

Det statlege tilskotet har auke med 2,8% til kr 1.938.368. Den kommunale delen var i 2018 kr 1.886.320,- og dette vert frå AO-senteret foreslått auka til kr 1.938.368,- i 2019. Av dette utgjer det ordinære tilskotet 1.605.185,- som er ei auke med 2,2% frå 2018.